

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		19/40

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/2019	Kommunestyret	PS	14.02.2019

## Orienteringssaker

### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
007/2019.1	Næringsfondet - rapport løyvingar 2017.
007/2019.3	Forlik

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 007/2019

### KS - behandling:

Kjell M. Økland frå «Kystsogevøkene» holdt ei orientering. Han viste til aktivitet, målsettingar og ynskte å utvide med fleire kommunar. Kommunestyret bad om at det vart fremja sak frå administrasjonen om Modalen kommune si evt. deltaking.

Presentasjon av mogleg oppgradering av brannstasjonen i Modalen.

- Orientering ved brannsjef K. J. Romarheim om grunnlag for oppgradering av brannstasjonen, jfr. krav frå Arbeidstilsynet.
- Steinar Barmen, siv. ark. frå Forum Arkitekter AS, synte fram skisse for mogleg ny brannstasjon i Industrihuset. Han orienterte om mogleg kostnadskalkyle på noko over 7 mill eks. mva.

Rådmannen orienterte om status for NAV-samarbeidet kor Masfjorden er vertskommune. Statleg NAV har meldt at dei ikkje er klare med sine vurderingar om behov m.m. knytt til felles kontor m.m. før mot slutten av 2019. Inntil vidare vert difor NAV-kontoret i Modalen ope slik som før nyttår.

Ordføraren orienterte om møte han, rådmannen og ass. rådmann hadde hatt med Norsk Vind Energi AS i januar. Melding til NVE frå Norsk Vind er planlagt å skulle sendast i febr/mars 2019. Norsk Vind har gjeve uttrykk for at dei ynskjer å vere tilgjengelege i Modalen for drøftingar og spørsmål etter at melding til NVE er sendt.

Ordføraren orienterte om Nordhordlandspakken. Status er at denne er på veg ut på anbod i løpet av våren 2019. Det er registrert om lag 10 – 12 ynskje tiltak i Modalen. Ein ventar på beslutning om kva som evt. kan utførast innanfor ramma på 2 mill. Arbeid skal utførast haust 2019 / vår 2020.

### **Generelle spørsmål:**

Sigmund Vikane:

Med bakgrunn i medieoppslag om barnevern, og at Vaksdal barnevern kom dårleg ut (trafikklys); kva er stoda i barnevernet som Modalen kommune er ein del av og som Vaksdal er vertskommune for?

Rådmannen viste til at Modalen kommune ynskjer å sjå nærare på samarbeid og innhald framover i lag med Vaksdal. I tillegg er dette eit område som kan bli aktuelt å drøfte i samband med randkommunesamarbeid.

Korleis vurderer rådmannen resultatata frå Forukarrådet sitt kommunale barometer kor Modalen kommune kjem dårleg ut?

Rådmannen: Ber om å få komme tilbake til dette spørsmålet i neste kommunestyremøte.

### **KS - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

### **Vedlegg:**

Næringsfondet - rapport løyvingar 2017